

# DOVREHYTTA

Ein liten presentasjon av prosjektet

Torggrim Espolin Johnson, 27.10.23

Frå 2004 til 2007 var eg involvert i prosjektet med Dovrehytta – mellom mykje anna innan treskjering.



Hytta blei bygd av Ellen Eckhoff Planke og Sverre Planke i 2004 på Skogsætrin i utkanten av Rondane. Alt før eg hadde sveinebrevet frå Hjerleid, bad dei meg lage ei utsmykking til hovudinngangen. Utgangspunktet var «noko i Ringenes Herrestil». Eg teikna ei mengd skisser med idéar frå Ringenes Herrefilmane, og kunden landa på denne:


Eg fekk tak i god material – tettvoksen, feit furuved, som eg

limte med PU-lim, skar ut og sidan tjærebreidde. Den tynne staven med lykta på toppen blei forsterka med eit stålskjelett, og

likeså solsymbolet over døra. Dette fekk eg laga hos Høyveg Mekaniske Verksted på Dovre.



Eg tjærebreidde alt på gamlemåten, med god, milebrend tjære, linolje og terpentin.





På taket av toppen festa eg koparplater.

Toppen er ei lampe, med dør som kan opnast. Forma er inspirert av staven til trollmannen Gandalf i filmene.




Stolpen ved sida av døra er forma som tre slangar som snor seg om ein stav. Nedst på stolpen har eg skore inn eit jordklote-relieff.



Ornamentet på dobbeldøra er eit ouroboros-symbol (to drakar som bit kvarandre i halen) med innskrift i mellomålderruner.





Solsymbolet over døra er inspirert av kongedømet Rohan i Ringnes Herre.



Etter nylig tilbakemelding står alt framleis vel til med utskjæringane. Kunden har òg vore flink til å vedlikehalde dei med tjære med nokre års mellomrom.

Arbeidet med Dovrehytta gav meg ei kjærkomen erfaring med eit stort prosjekt tidleg i karrieren min, og det var gøy å samarbeide kreativt med kunden og andre aktørar.

Meir om Dovrehytta på [Dovrehytta.no](http://Dovrehytta.no)

Ref: Ellen Eckhoff Planke, tlf: 90 87 50 14

